



Kvinnherad kyrkjelege Fellestråd

Kyrkjevevjerja

MOTTATT

22 OKT 2014

Fråsegn frå Kvinnherad kyrkjelege fellestråd til

«Høringsnotat 2.september 2014 **Staten og Den norske kirke – et tydeleg skille.**»

Ein vil innleiingsvis peika på at kort høringsfrist har gjort det uråd for dei einskilde sokneråda med avgrensa møtefrekvens, saksutgreiings- og sekretær-ressurs å gje kvar si fråsegn. Fråsegna frå Kvinnherad kyrkjelege fellestråd kan såleis seiast å koma i staden for ei fråsegn frå kvart av 9 sokneråda i fellestrådsområdet; Kvinnherad, Ænes, Åkra, Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy, Uskedal, Husnes og Holmedal, Fjelberg og Eid.

«Forvaltningsreformen» det er lagt opp til i høringsnotatet gjeld i liten grad det lokale nivået i kyrkja(sokneråd/fellestråd), men nokre spørsmål som er viktige for soknet, blir omtalt.

«Forvaltningsreformen» handlar ikkje om **kyrkjeordninga**, men høringsnotatet gjer framlegg som kan leggja premisser for det vidare arbeidet med kyrkjeordninga, m.a. at tilhøvet mellom lokale og sentrale organ slik det er i dag, blir vidareført. Ein gjer framlegg om at både kyrkja sentralt (kyrkjemøtet) og kyrkja lokalt (soknet) blir eigne rettssubjekt. Alt no er det tydelege teikn på at meir makt blir samla sentralt i kyrkja og at soknet og soknet sitt organ, soknerådet, blir marginalisert, m.a. fordi ein har lite ressursar til å hevda sine synsmåtar. Sjølv om kyrkja sjølv sagt skal ha felles organ, vil det vera særst viktig å ta vare på soknet sine muligheter til å påverka avgjerder. Dette kan gjerast ved at fleire avgjerder kan fattast lokalt.

Høringsnotatet har framlegg som i særleg grad gjeld **prestane** si teneste. Det er godt at det er presisert at kvart sokn skal ha sin prest. Men mengd presteteneste må fastsetjast på ein slik måte at det blir tatt omsyn til det einskilde soknet sine særlege utfordringar; t.d. kan ikkje sokn i sentralt i Oslo Aust og Varaldsøy sokn berre få presterressursar ut frå medlemstal. Vidare vil det vera viktig at prestane ut frå ordinasjonen er fagleg uavhengige og at tenesta blir organisert slik at den blir utført utfrå ordiansjonen sine føresetnader og forpliktingar. Likeeins må biskopen vera uavhengig og ikkje lagt under kyrkjerådet. Arbeidsgjevarmynde for prestar og tilsette på bispedømekontor og i kyrkjerådet må vera sentralt i kyrkja. Det kan tenkjast at det kan delegerast til bispedøme slik det er i dag, og arbeidsgjevansvaret i den lokale kyrkja blir plassert i bispedømet med delegering av tilsetting m.m

Adr: Kyrkjevevjerje, Råduset 5470 Rosendal

Tlf 53 48 32 93 Mobil: 95485073

Mail: erlingur.nielsson@kvinnherad.kommune.no

Kyrkja skal **finansierast** over offentlege budsjett. Dei ulike sokna vil ha ulik trong for økonomiske ressursar. Nokre sokn har særlege utfordringar med freda/verna kyrkjebygg, særleg knytt til vedlikehald. Andre sokn vil ha utfordringar til medlemsstruktur. Det vil vera viktig at det blir lagt tydelege premissar slik at både utkantstrok, folkerike kyrkjelydar, sokn der det bur mange menneske som høyrer til andre trusretningar blir ivaretekne på ein god måte. Det kan tenkjast at fordelinga skal gjerast i kyrkja etter samla løyving, men sidan soknet sitt sjølvstende er særleg understreka og at soknet skal ha ressursar m.o.t presteteneste, vil det vera naturleg at det blir fastsett storleik på desse ressursane, elles vil t.d utsegna om kvart sokn sin prest ha lita meining.

Kvinnherad kyrkjelege fellesråd, Rosendal 07.10.2014

Erlingur Nielsson

Kyrkjeverge